



*"Inkluderande, nyskapande og urban"*

## Årsmelding 2007

Styret har, utan permanent administrasjon, gjort sitt beste for å oppretthalde eit akseptabelt aktivitetsnivå. Styreleiar har sidan mai 2007 vore engasjert knytt til ein fast sum for å utføre førefallande administrativt arbeid. Dette arbeidet er honorert med kr 2.000,- pr. måned (brutto eks. avgifter).

Styret konstituerte seg på styremøtet 8. mai 2007 med følgjande medlemmer:

- Svein Røyrvik, leiar
- Gunnar Røssland, nestleiar
- Anna Prestnes, styremedlem
- Marianne Lund Andersen, styremedlem
- Arve Opsanger, styremedlem
- Per Henrik Opdal, styremedlem
- Finn-Are Berntzen, varamedlem
- Steinar Prestnes, varamedlem
- Milada Kacapor, varamedlem

Vararepresentantane Finn Are Berntzen, Steinar Prestnes og Milada Kacapor, har vore kalt inn til alle styremøta.

Revisorar:

- Leif Helge Særsten
- Kåre Ertland

Valnemnd:

- Otto Blokhus, medlem valkomiteen
- Knut Digranes, medlem valkomiteen
- Resy Aak Toresen, medlem valkomiteen

### Medlemskontigent

Årsmøtet i 2007 vedtok at ein ikkje skulle endra satsane for kontingent, og med bakgrunn i dette så sende styret ut innbetalingsblankettar til medlemmene der ein tok utgangspunkt nedanforståande tabell.

Private	:kr 210,-per år
Private+ (inkludert ektefelle/samboar)	:kr 300,-per år
Lag og organisasjonar	:kr 500,-per år
Bedrifter - fast ledd	:kr 1500,-per år
- variabelt ledd	:kr 70/årsverk

Styret vil ikkje tilrå å auka kontingenten for 2008.



### Styret sitt arbeid

Det sitjande styret hadde sitt første møte 8. mai 2007 og har hatt i alt 8 møte. Innleiingsvis brukte vi noko tid på å få innsikt og status på prosjektet "Eit vakrare Husnes" og andre konkrete saker som var under arbeid, m.a. toalettbygget i Borvika.

Oppgradering av Borvika er venta å bli slutført i 2008. Prosjektet er kostnadsrekna til om lag kr 400.000,-. Prosjektet er tildelt spelemidlar (50%). Husnes Vekst takkar Sparebank1 Kvinnherad for gåve på kr 50.000,- til prosjektet. Anbudsdokument er under utarbeiding.

Husnes Vekst har vore engasjert i arbeidet med oppretting av taxi-haldeplass i sentrum. Kvinnherad Taxi skal ha ros for initiativet. Tilbakemeldingane er positive. Plassen fungerer slik tanken var. Kvinnherad Taxi har ønskje om å få permanent haldeplass med venterom. Husnes Vekst har ei meining om at den idèelle plassen vil vera ein trafikkterminal for taxi og buss.

Selskapet har og opna eiga nettside. Denne skal vera ein kommunikator med medlemar og andre interesserte. Anna Prestnes skal ha ros og takk for arbeidet med nettsida.

Selskapet har utbetalt kr 10.000,- i tilskot til opparbeiding av Postvegen. Det er og ytt midlar frå "Spesielle miljøtiltak i jordbruket" med i alt kr 9.233,- som er betalt direkte til prosjektet v/Leif Thuland. Leif Thuland skal ha stor ros og takk for arbeidet med å nytta midlane på ein god måte.

Husnes Vekst har teke initiativ til å få utsett saka om nytt næringsareal på Bogsnes. Det har vore halde møte med dei involverte partane. Husnes Vekst sin motivasjon er å ivareta visjonane om å opna Husnes sitt andlet mot Hardangerfjorden via Bogsnes.

Husnes Vekst engasjerte seg sterk i saka og har oppmoda Kvinnherad kommune om å setja fokus på utvikling og tilrettelegging av nytt næringsareal i Husnesområdet.

Styret har hatt god dialog med utbyggjarane av Husnes Storsenter og peika på visjonane i "Eit vakrare Husnes" om m.a. møblering av uteområdet, trongen for trafikksikring og oppmjuking av sentrum.

Styremedlem Marianne Lund Andersen har vore medlem av styret i Kvinnherad Kulturfestival. Vi er ein av hovudsponsorane til festivalen og støtta den med kr 10.000,-. Husnes Vekst sitt styremedlem har arbeidd aktivt i festivalstyret.

Undergruppa som arbeidde med park og turstiar for "Eit vakrare Husnes" har slutført prosjekta sine.

Husnes Vekst har arbeidd for å sikra ein trygg trasè for gang og sykkelsti for dei mjuke trafikantane frå sentrum til skule- og idrettssenteret. Det har og vore arbeidd for gang og sykkelstiar andre stader i området.

Husnes Vekst er gald for at langvarig arbeid med flytting av lensmannskontoret til Husnes har fått eit gjennombrot i året. Vi ønskjer å retta ei takk til Gunnar Røssland og Morten Vevatne som har fronta denne saka, både som styremedlemar i Husnes Vekst og som politikarar.



Styret ønskjer å retta ei takk til Kvinnherad vidaregåande skule v/Asbjørn Eikenes for mangeårig arbeid med pynting av sentrum med lyssetjing langs Opsangervegen til jul.

Andre saker som har vore handsama i styret er:

- \* vurdering av organisasjonen (tilsetjing administrasjon)
- \* møte med kommunen, vegvesenet og Arvid Hellås om kantklipping frå Hellandsbrua til Statoil.
- \* vurdert strategi for oppvekst-, skule-, idrett- og eldreområdet på Husnes

Pressemeldingar sende i året:

- \* uttale om utnytting av areal på Bogsnes
- \* uttale om utbygging av industriareal hos HMR
- \* uttale om sala av Innsida.no
- \* uttale om kolkraftverket

### Økonomi

Selskapet har god likviditet. Pr. 31.12.2007 er det kr 306.667,68 disponibelt på foreningskonto og kr 16.276,30 avsett på skattekonto. Det er avsett midlar til styreleiar med kr 16.000,-. Skattekonto vil bli regulert til kr 0,- etter utbetaling til styreleiar.

Husnes, 9. januar 2008

---

Svein Røyrvik  
styreleiar

---

Gunnar Røssland  
nestleiar

---

Anna Prestnes  
styremedlem

---

Marianne Lund Andersen  
styremedlem

---

Per Henrik Opdal  
styremedlem

---

Arve Opsanger  
styremedlem